
Saksnr: 2022/91975-4
Saksbehandlar: Elin Storøstevik

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		12.12.2022
Fylkesutvalet		12.12.2022

Utgreiing av ei framtidretta arkivorganisering i Vestland - utsett høyringsfrist

Forslag til innstilling

Høyringsfristen for rapporten «Utredning av en fremtidsrettet arkivorganisering i Vestland» vert utsett til 11. mars 2023.

Samandrag

Det er behov for å justere høyringsfristen for høyring av rapporten «Utredning av en fremtidsrettet arkivorganisering i Vestland», slik at kommunane kan levere politisk vedtekne høyringssvar.

8. november vedtok fylkesutvalet å sende utgreiingsrapporten på høyring til kommunar og arkivaktørar i Vestland fylke (PS 138/2022). Høyringsperioden vart sett til 11. 11.22-11.01.23. IKA Hordaland IKS og Kommunearkivordninga i Vestland (KO) har på vegne av sine eigar- og medlemskommunar bedt om at høyringsfristen vert utsett til mars.

Fylkesdirektøren vurderer det som viktig for vidare handsaming av saka at kommunane har tid og høve til å sende politisk vedtekne høyringsfråsegner etter handsaming i kommunestyra.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Menon Economics har på oppdrag frå Vestland fylkeskommune kartlagt, greidd ut og kome med råd om framtidig organisering av arkivinstitusjonane i Vestland i rapporten «Utredning av en fremtidsrettet arkivorganisering i Vestland». Fylkesutvalet vedtok i sitt møte 8. november å sende rapporten på høyring til kommunar og arkivaktørar i Vestland. Høyringsperioden vart sett til 11.11.22-11.01.23.

IKA Hordaland IKS og Kommunearkivordninga i Vestland (KO) har på vegne av sine eigar- og medlemskommunar bedt om at høyringsfristen vert utsett til mars. Begge arkivordningane skriv at det for kommunane sin del vert for knapt med tid til å kunne handsame eit høyringssvar i kommunestyremøta i desember, samstundes som dei fleste ikkje har kommunestyremøte att før i februar. På bakgrunn av dette ber dei om utsett høyringsfrist.

Vedtakskompetanse

I tråd med Reglement for folkevalde organ og delegering, Reglement for fylkesutvalet, kap. 2.1.7, tek fylkesutvalet avgjerd i saker der avgjerdsmilde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ikkje relevant

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:

Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Prosessen med å greie ut og arbeide fram ei framtidsretta organisering av arkivsektoren i Vestland vil skape meirverdi for innbyggjarar, kommunar, næringsliv og organisasjonar i Vestland – både som skaparar av arkiv og brukarar av arkivinstitusjonane. Samarbeid mellom arkivaktørane i Vestland og ei mest mogleg heilskapleg organisering av arkivsektoren i fylket, er viktige byggesteinar i prosessen med å vidareutvikle og skape gode og framtidsretta arkivtenester.

Arbeidet støttar vidare mål 1 i utviklingsplanen for Vestland: «Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg». Ansvar for og arbeid med arkiv må vere ei regional oppgåve. Under mål 1 seier fylkeskommunen også at Vestland skal vere ein leiande kulturregion, og gjennom dette arbeidet kan Vestland fylkeskommune verte leiande innanfor kulturområdet arkiv.

Konklusjon

I prosessen med å greie ut og arbeide fram ei framtidsretta organisering av arkivsektoren i Vestland er ein avhengig av eit godt samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane i Vestland fylke. Eventuelle framtidige endringar i organiseringa av dei kommunale arkivinstitusjonane i fylket vil vere avhengig av politiske vedtak hjå eigar- og medlemskommunane. Fylkesdirektøren vurderer at det vil vere viktig for det vidare arbeid med ei framtidsretta arkivorganisering i Vestland at høyringsfristen vert utsett slik at kommunane i høyringa kan levere innspel som er politisk vedtekne.